

Husnes, 29.10.15

Til NVE

FRÅSEGN ETTER SYN FARING AV OMRÅDET FOR OVERFØRING AV TO VATN PÅ PYTTAFLOENE

KLAGE

Kvinnherad turlag vil først setja fram ein klage på sakshandsaminga til NVE når det gjeld behandlinga av vår tidlegare høyringsfråsegn:

I dokumentet "Tiltakshavers kommentar til høyringsuttalelsene", dagsett 23.04.2015, er høyringsfråsegna til Kvinnherad turlag utelaten, og Statkraft gjev i dette dokumentet heller ingen kommentar til innhaldet i den innsende fråsegna. Alle dei andre fråsegnene vert kommenterte.

Den 12. oktober d.å., dagen før synfaring i utbyggingsområdet, klaga Kvinnherad turlag via e-post på at høyringsfråsegna frå laget ikkje var å finna i saksdokumenta. Etter få timar la sakshandsamaren i NVE vår fråsegn inn blant dei andre fråsegnene på NVE si nettside. Frå NVE vart det svart at det var ein "glipp" at fråsegna ikkje var komen med.

Kvinnherad turlag si fråsegn vart derved så seint publisert at knapt nokon fekk tid til å setja seg inn i innhaldet. Sidan denne fråsegna er den einaste som manglar kommentar frå Statkraft, tyder alt på at Statkraft ikkje har teke stilling til innhaldet. Dette finn vi sterkt beklageleg.

Som ein del av sakshandsaminga skal vel NVE setja seg inn i alle innkomne høyringsfråsegner. Vi finn det lite truleg at NVE hadde kjennskap til innhaldet i Kvinnherad turlag si fråsegn i forkant av sluttsynfaringa.

KOMMENTAR ETTER SYN FARING 13.10.2015

Statkraft har redusert lengd og høgd på sperredammen ved vatn 1112, og krafproduksjonen vert derved enda lågare enn berekna i opprinneleg søknad. Vårt argument om at utbygginga gjev svært lite kraft sett på bakgrunn av inngrep i eit sårbart, uberørt og særmerkt fjellområde, vert såleis styrkt.

Vassmengda i to mindre fossefall vert sterkt redusert ved ev. overføring. Såfossen er den mest særmerkte. Han har nok lita vassføring i deler av året, men er den einaste som er att i Austrepollen etter at utbygginga på 60-70-talet tørrla den vassrike Sundefossen. Så pass mykje vatn er ført bort frå liene i dalen at vatnet frå Såfossen er viktig for beite, grunnvatn og fisk og vassdyr i Austrepollselva.

Såfossen er ein del av heilskapen i Hardingaskaret. Her er framleis murar frå den tida då folk i Austrepollen førte buskapen opp gjennom skaret til stølen nordafor. Her gjekk dei første bre-turistane opp, og her vart hestane sende opp då folk frå Gjerde i Austrepollen sette i gang med sledefart over breen.

I tilleggjande dalføre vart ytterlegare to store fossar utbygde på 60-70-talet: Brufossen ved Bondhusbrea og Skjördalsfossen ved Goddalen. Det burde vera nok no.

Landskapstypen ved Pyttafloene og vidare sørover på høgfjellet mot Floetjørnane og Hundsøyra er heilt spesiell i Kvinnherad-naturen. Ingen stad finn ein tilsvarande stort areal med "reint" høgfell med slette skarv og blinkande, klåre småtjørnar innimellom. På den T-merkte ruta frå Markjelke til Hardingaskaret, Hundsøyra og vidare til Holmaskjerhytta har ein ei djup kjensle av å vera i totalt uberørt område når ein er komen opp frå Svartedalsdammen. Dette området bør bevarast slik det er no. (Over 4 kvadratkilometer INON-område går tapt ved overføring av vatn 1112.) Viss ein legg ruta ørlite austover, ser ein resultata av den kraftige reguleringa i Blådalen/Kvitnadalen. Vi synest at nolevande og framtidige vandrarar på Pyttafloene og i Hardingaskaret bør få oppleva området slik det er i dag.

Med helsing

For Kvinnherad Turlag

Anne Kari Enes

Styreleiar

Hermund Fenne

Turleiar